



## AUSTRHEIM KOMMUNE

Plan, bygg, oppmåling og miljø

post@holevvs.no

Referanser:

Dykkar:

Vår: 20/4387 - 20/6911

Saksbehandlar:

Asbjørn Nagell Toft

asbjorn.n.toft@austrheim.kommune.no

Dato:

01.10.2020

# Løyve til avløpsanlegg og til utsleppsløyve for fritidshytter på gbnr. 164/36, gbnr. 164/35, gbnr. 164/34 og gbnr. 164/24 - Krossøy

## Administrativt vedtak. Saknr: 159/20

Vi syner til siste vedlegg i søknad motteke den 28.09.2020 og tidlegare søknad om utsleppsløyve/avløpsanlegg datert den 18.09.2020.

## Vedtak

Det vert godkjent omsøkte ansvarsrettar samt etablering av slamavskiljar og utsleppsledning, samt gjeve utsleppsløyve i medhald av plan- og bygningslova §§ 20-1, 23-3, 29-2, 29-4, 27-1, 27-2 og 27-4, naturmangfaldslova §§ 8-12 og forureiningslova § 11 samt forureiningsforskrifta §§ 12-3 og 12-5.

Vilkår sett i løyve frå Bergen Havn datert den 13.08.2020 må følgjast opp.

## Saksutgreiing:

## Tiltak

Søknaden gjeld etablering av utslepp til sjø via 9,5 m<sup>3</sup> slamavskiljar. Bergen hamn gav løyve på vilkår den 13.08.2020 etter havne og farvasslova.

## Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader i samband med nabovarslinga. Naudsynte avtalar/erklæring om rett til legging og vedlikehald av avløpsanlegget hjå andre grunneigarar i området har søkjar skrive er sendt til tinglysing. Austrheim kommune legg det til grunn. Me viser til tidlegare skriv om dette.

### **Vurdering etter naturmangfaldslova**

Kommunen har vurdert omsøkte tiltak og prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurderinga. Det er særleg vektlagd berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både lokalt på staden og sett i ein større samanheng. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no). Kommunen finn ikkje at omsøkte tiltak vil komme i konflikt med naturmangfaldslova. I vurderinga har ein mellom anna nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland.

### **Visuelle kvalitetar**

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn innehar gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv og i forhold til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering. Det er viktig at strandsona vert råka minimalt av tiltaket og at avløpsanlegget ut i sjø vert dekkja godt til på ein fin måte i fjæresona. Avløpsanlegget skal ikkje vera synleg på land eller i fjæra/strandsona.

### **Konklusjon:**

**Det vert godkjent omsøkte ansvarsrettar samt etablering av slamavskiljar og utsleppsledning, samt gjeve utsleppsløyve for fire fritidseigedomar på Krossøy.**

(To hytter er under bygging, ei hytte har vore her i lenger tid. Ei hytte til skal byggjast etterkvart)

Det vert forutsett at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av føresegn om byggjesakshandsaming av 2010 (SAK10) kapittel 10.

Byggverket si plassering på tomta skal kunne dokumenterast, og slik dokumentasjon skal sendast kommunen for oppdatering av kartverket. Slik dokumentasjon skal sendast inn saman med førespurnad om ferdigattest eller mellombels bruksløyve. Ved evt. avvik skal det søkjast om endring av løyve.

Når arbeida vert å sjå på som ferdige, skal ansvarleg søkjar skriftleg rapportere dette til kommunen, jf. plan- og bygningslovas § 21-10, og oppdatert gjennomføringsplan skal leggjast fram. Gjenstår noko av arbeida skal dette vere angitt. Det kan bli aktuelt at kommunen gjer ferdigsynfaring/tilsyn i forkant av at ferdigattest eller mellombels bruksløyve vert utskrive.

Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve føreligg.

Ved handsaminga av denne saka har kommunen teke omsyn til den sivile beredskap og samfunnstryggleik.

Kopi av dette vedtak samt andre saksdokument skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Dersom byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. plan- og bygningslova § 29-1

Alt arbeid skal følgje plan- og bygningslova, forskrifter og andre føresegner. Dersom innsendte planar er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene føre planane. Lokal forskrift for separate avløpsanlegg i Austrheim kommune godkjent i kommunestyret skal følgjast. VA normen for Austrheim kommune skal følgjast.

**Lykke til med arbeidet!**

Med helsing  
Asbjørn Nagell Toft  
avdelingsleiar

**Klage:**

*Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentlig forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.*

**Kopi til:**

Alf Kvant

Bankenes sikringsfond

FH Gruppen

Jøran Helge Krossøy

Liv Kr. Korsøen Smebye

Mona Wiik og Ole-Kristian Smebye

Østre Aker vei 17 0581

Stongafjellsvegen 5301  
46 A

Littlevika 19 5914

Ikenberget 30 5911

OSLO

KLEPPESTØ

ISDALSTØ

ALVERSUND

**Mottakere:**

post@holevvs.no